

Hordaland Fylkeskommune**Avdeling for kultur, idrett og friluftsliv**

Bergen, 09.10.14

Søknad om tilskot til Friluftslivets år

Bergen og Hordaland Turlag (BHT) har som kjent valt ei særskilt hovudsatsing, aktivitetar og promotering av barne- og ungdomstilbod i Friluftslivets år. Vi viser til vår søknad om rammeløyve/driftsmidlar til 2015 og ønskje om ei prosjektstilling på ungdomsarbeid spesielt.

BHT ein fylkesorganisasjon med 12 lokallag pr. d.d. Det 13. og 14. lokallaget er under etablering i Samnanger og Osterøy. Alle lokallaga har Barnas Turlag, to lokallag har faktisk to Barnas Turlag kvar. Vidare har vi ungdomsgrupper i Bergen (har fylkesfunksjon), Os, Nordhordland, Sund/Fjell/Askøy og Kvinnherad. DNT ung Odda/Ullensvang er under etablering, og fleire andre lokallag har dette på ønskelista, men det trengs mobilisering av ressursar og kompetanse for å få realisert og styrka DNT-ung i Hordaland. BHT har i 2014 ny medlemsrekord, og barne- og ungdomsmedlemmar blant dei medlemsgruppene som veks mest.

BHT er i sum ein fylkesorganisasjon i god utvikling med mange nye frivillige og mange nye grupper og lag. Vi bruker ekstra mykje ressursar for å følgje opp desse for å få DNT-grunnpreg på aktiviteten med blant anna kompetente og motiverte frivillige og tillitsvalte, trygge og trivelege arrangement og aktivitetar. For barn- og ungdom er det eit mål at dei lærer naturen å kjenne som den beste arena for glede, meistring, sosialt samspel, fysisk aktivitet, utfaldning, utvikling av identitet, og ikkje minst kunnskap om kulturarv, naturverdiar og eige område.

Barn og ungdom særlig prioriterte i 2015

I Friluftslivets år 2015 vil vi arrangere camps for våre frivillige knytt til barne- og ungdomsaktivitetar. Som del av folkehelsesatsing har vi fått mange nye frivillige (utan turlagsbakgrunn) og vi treng fleire frivillige i tal pga. folkehelsetiltak. Føremålet med campsene er felles inspirasjon, motivasjon, kompetansepåfyll, erfaringsutveksling og dyktiggjering. I seg sjølv er campsene også viktige for å synleggjere og verdsetje aktiviteten som desse frivillige skapar. Vi ønskjer ein camp for kvar av desse gruppene:

1. Alle Barnas Turlag i fylket
2. Alle DNT ung i fylket
3. Alle leirleiarar for Turboukene, fjelleirene, basecamps til fjells og havs

Vi vil invitere kommunar der vi ikkje har lokallag (Vaksdal, Jondal, Granvin, Eidfjord, Ulvik, Tysnes og Øygarden) til campsene for Barnas Turlag og DNT ung for å motivere dei til lokale initiativ,

Vi ønskjer god fasilitering og dyktige, kjente foredragshaldarar/instruktørar, og stipulerar kostnader til kr 50 000 for kvar av camp 1 og 2, og kr 30 000,- for camp 3.

Får vi dette til vil Friluftslivets år løfte fram og synleggjere aktivitetar retta må felles hovudmålgruppe, barne og unge. Desse tiltaka vil utgjere ein skilnad for utviklinga.

I Friluftslivets år vil vi også gjerne ein del ekstra ut av våre viktig arrangement for barn og unge, OPPTUR kor det er nær på 6000 åttendeklassingar på fjelltur over heile fylket – og dei to Kom deg ut-dagane i februar og september – men flotte arrangement rundt om med mange deltakarar blant store og små. Vi er lova nokre midlar til dette får DNT sentralt gjennom den sentrale søkerunda.

Opning av Friluftslivets år i Bergen 13. januar ved Erna Solberg

13. januar kjem statsminister Erna Solberg til Bergen for å delta på vårt dagsseminar i DNT Vest om friluftsliv, frivillighet og sikring av friluftslivsområder, og ho vil samstundes stå for opning av Friluftslivets år 2015. Bergen og Hordaland Turlag held i arrangementet saman med samarbeidsforumet i DNT vest.

Det vil vere direktesendt sending på NRK i høve opninga. Kronprisen skal opne i Oslo same dag og NRK lagar ei 17-mai inspirert sending. Kjem tilbake til dykk med invitasjon.

Vi søker fylkeskommunen om kr 50.000 til å dekkje kostnader til foredragsholdarar, lokalleige og andre utgifter i forbindelse med dette seminaret og opninga ved statsministeren. Vi ønskjer å ha arrangementet på Fløyen med utsikt over vestlandske fjell og fjordar, og der vert lokalleige og enkel matservering raskt 30-40.000 kroner.

Fylket på lag med friluftslivet og BHT!

Vi vil elles nytte høve til å understreke kor viktig det er at fylket støttar opp om det utviklingsarbeidet vi gjer i Turlaget, vi veks i frivillighet 32 årsverk (+ 19 prosent siste år) og i tal på medlemmar. Difor håpar vi fylkeskommunen også aukar driftsstøtta til Turlaget, slik at vi kan utvikle oss og vokse vidare. Det er avgjerande med administrative ressursar til å legge til rette for og koordinere den frivillige innsatsen. Dette er godt investerte pengar!

Vennlig helsing

Helene Ødven
Daglig leder
Bergen og Hordaland Turlag